

Rikskonsertane si skulekonsertordning

TIME



Foto: Knut Aaserud

Heidi Marie Vestrheim, gitar/song

Maria Nåmdal, el-piano/song

Roy Ole Førland, bass/elektronikk

Fylkeskonsertane ønskjer dykk velkomne til ein konsert med
singer/songwriter Heidi Marie Vestrheim.

„Time“ er namnet på ein av komposisjonane hennar frå albumet
”Signs and Fiction”.

Med seg på scena har ho Maria Nåmdal og Roy Ole Førland som legg nye
klanger, stemningar og farger til musikken.

Om muskarane

Heidi Marie Vestrheim, singer/songwriter frå Øystese har sidan 2003 gitt ut 3 plater på eige selskap, Bluebox Records. Ho har hausta mange lovord og fått høge terningkast for musikken sin. Mange høyrde ho første gong som songar i bandet Atakama.

Heidi Marie har vore med på oppsettingar som "På 'an igjen" på DNS og "Jeppe på bjerget" saman med Frode Rasmussen. I det siste har ho tatt del i "Battles" med singer/songwritere. Konkurransen som liknar "battles" innan hip hop/rap har spelt seg gjennom 10 byar i Tyskland. Heidi Marie blei vinnaren!!! Sjå òg heimesida hennar <http://www.heidimarie.no/>

Maria Nåmdal frå Modalen har gått musikklinja på Voss Gymnas og på Toneheim Folkehøgskole. Maria har ein bachelorgrad i språk og psykologi frå universitetet i Bergen og København, og har studert musikkvitenskap ved universitetet i Berlin. Har medvirka i fleire ulike musikkprosjekt, kor, tv-program. Ved Festspillene i Bergen -07 var Maria ein av songarane i framsyninga Die Massnahme. Ho har siste året jobba som lærar i den vidaregåande skulen.

Roy Ole Førland frå Stord har gjort filmmusikk, speler med "A Boy Named Sue", og er medprodusent og komponist på Kari Rueslåtts siste album, "Other People's Stories". Han har også komponert musikk til Haikutronics, tonesetting av haiku-dikt.

Førebuing


Muskarane bed om at elevar medverkar på "Time". Noter til eit enkelt arrangement for 2-stemt kor, Bb-stemme/C-stemme og melodi m/akkordar for gitar/tangentar kjem som vedlegg. Arrangementet er eit utgangspunkt, og det er opent for endringar og utbetringar frå elevane.

Grunna lova om opphavsrett kan vi ikkje leggje musikken ut på nettet.

"Time" kjem på ein CD i posten og som MP3-fil i mail til kvar einskild skule.

Praktisk gjennomføring:

- Det er ønskjeleg at ei gruppe elevar tek imot gjestane og hjelper dei med å bera inn utstyret. Muskarane kjem til skulen ca 40 min. før konsertstart. Grappa får ein kopi av denne konsertinformasjonen.
- Elevar som skal medverka på "Time" stiller i konsertlokalet *med* instrumenta sine 10 minutt før.
- Publikum sit på stolar eller benker. Sjå romskisse (forslag)



SR - Stolrekkjer GB - Gym.benker

<i>Rikskonsertane</i> - LEVANDE MUSIKK FOR ALLE -	
-	<i>Skulekonsertane og konsertane for born i førskulealder blir til gjennom eit samarbeid mellom Rikskonsertane, fylkeskommunane i landet og utdanningsavdelinga ved kontora til Fylkesmannen</i>
-	<i>når kvart år ca. 600 000 born over heile landet</i>
-	<i>skapar møte mellom unge menneske og profesjonelle musikarar</i>

IDÉ OG OPPLEGG	PRODUSENT	SPØRSMÅL OM KONSERTPLAN
Muskarane i samarbeid med Fylkeskonsertane	Wenche Gausdal tlf 55 23 99 65 mob 97 68 76 36 Wenche.Gausdal@post.hfk.no	Hanne-Brit Iversen tlf 55 23 99 66 fax 55 23 99 69 Hanne-Brit.Iversen@post.hfk.no